



SKULEREGLAR SAGSTAD SKULE

Skulereglanereglane gjeld for elevane i skuletida, på områda rundt skulen, på skuleturar/ekskursjonar i regien til skulen og på skuleveg/skuleskyss så langt den enkelte skulen blir gjord kjent med ureglementerte forhold. Skulereglane gjeld og det som skjer i det digitale rommet.

1. Eg er høfleg og viser omsyn og respekt for andre og deira eigedelar.
2. Eg arbeidar for eit trygt og godt lærings- og skulemiljø. Eg plagar ikkje andre!
3. Eg kjem presis til timane og deltar i undervisninga gjennom heile skuledagen. Eg er førebudd og har med meg det eg skal av utstyr og læremiddel. Eg gjer skulearbeidet til avtalt tid.
4. Eg bidreg til arbeidsro i klasserommet.
5. Eg tar vare på alt som tilhøyrer skulen og steller fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell. Eg gjer mitt for å halde skulen sitt område reint og ryddig.
6. Eg nyttar gang- og sykkelveg til og frå skulen der det er mogleg. Eg nyttar hjelm! Eg parkerer sykkel/sparkesykkel/ rullebrett på tilvist plass og lar den stå i ro i heile skuletida. Eg nyttar hjelm og tryggleiksutstyr om eg nyttar sykkel på sykkelbana eller i Fysakhallen.
7. Eg triller sykkel og elsparkesykkel over skuleplassen og parkerer den på anvist plass. Eg nyttar ikkje elsparkesykkel til og frå skulen før eg har fylt 12 år. Eg nyttar ikkje elsparkesykkel på turar i regi av skulen.
8. Eg er inne på skulen sitt uteområde i alle friminutt. Fossemyra nyttast etter avtale.
9. Eg har ikkje med meg elektronisk utstyr som t.d. spelkonsollar på skulen.
10. Sagstad skule er ein mobilfri skule. Mobiltelefon eller smartklokke skal være heime, eller om eg velgjer å ta med, innelåst i mobilskåp/mobilhotell frå første til siste skuletime. Eg nyttar ikkje mobiltelefon på skulen sitt område før eller etter skuletida, og mobil/smartklokke skal berre nyttast når eg har gått frå området.
11. Eg et sunn skulemat og tek til vanleg ikkje med meg snop eller tyggegummi på skulen.
12. Eg brukar ikkje tobakk, snus eller e-sigarettar. Eg har ikkje med eller er påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
13. Eg har ikkje med farlege leikar eller ulovlege gjentandar som kan skade personar, bygning eller inventar på skulen sitt område.
14. Eg kastar ikkje snø på andre. Snøball kastar eg på oppsett blink. Dersom nokon har bygga snømann eller snøborg, øydelegg eg ikkje.



Ved brot på reglane kan eit eller fleire av tiltaka nedanfor setjast i verk avhengig av alvorsgrad og grad av gjentaking:

- Tilsnakk.
- Skriftleg merknad. Merknaden skrivast i Visma.
- Samtale med den vaksne som handsamar saka.
- Skulen tek kontakt med føresette.
- Samtale med inspektør/rektor.
- Pålegg om å vere til stades før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar og/eller rektor/inspektør, eller for utføring av pålagde oppgåver.
- Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven elev/tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.
- Bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen, jf. Opplæringslova §13-1 tredje ledd.
- Midlertidig eller permanent klassebyte.
- I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd, jf opplæringslova § 13-2.
- Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggjar, fjerna tagging osv.
- Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Skadeerstatningsloven §1.1 og §1.2.
- Gjenstandar som kan nyttast til å skade andre, blir beslaglagt av skulen. Ulovlege gjenstandar overlatast til politiet. Andre beslaglagte gjenstandar blir overlevert til eleven etter skuletid same dag. Dette gjeld og mobiltelefon og smartklokke.
- Rusmidlar blir beslaglagt av skulen. Tobakk, snus, e-sigarettar og alkohol overlatast til føresette. Ulovlege rusmidlar overlatast til politiet.